



Røysterett for alle og Rosendal Songlag syng saman og syng godt! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendal og Uskedalen syng godt og vakkert saman! Det er ein nærliggjande konklusjon etter den tradisjonelle nyårskonserteren til Rosendal Songlag, der Røysterett for alle var gjestande kor. Begge kora har jubileum i år – songlaget er 125 år medan Uskedalskonret rundar 20 og altså er berre skårungen i samanlikning.

Det var nærmast som om taket i Rosendal Samfunnshus skulle løfta seg då dei 56 songarane stemte i saman og for fullt i "Ave Maria Stella" og "Tre konger fra Bolivia". Dei to felles-songane var eit av høgdepunkta i den halvannan time lange konserten søndag kveld. Etter å ha høyrte dei to kora syngja saman tre gonger, er konklusjonen: Berre hald fram, det går betre for kvar gong!

Ein hovudgrunn til at samsongen går så bra har sjølv sagt mykje å gjera med ein person: Maria Malmsten, som no er den høgst stimulerande – for ikkje å seia eruptive - dirigent for begge kora. Ho har mykje av æra for at også Rosendal-koret gjer store framsteg. Men utan å fornærma nokon vil vi framleis hevda at Røysterett for alle er best, og det har ikkje berre samanheng med at dei er fleire. Søndag var dei 33, medan Rosendalskoret hadde 23 songarar.



Kristine Bjørøy Hestad var fløytesolist under konserten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Maria Malmsten er glad i mange slags musikk, til dømes renessansemusikk og det pregar repertoaret til begge kora. Tilsaman song dei fem renessansemelodiar i denne konserten. Melodiane er vakre og gjev ein visjon inn i fjerne hundreår, men det er viktig å ikkje "overfora" korkje med slik eller annan musikk. Og det er ikkje minst viktig å balansera den eldre musikken med musikk frå vår tid.

Det var i høgste grad tilfelle i denne konserten, som Røysterett for alle avslutta med fire forrykande, for ikkje å seia suggererande Beatles-melodiar. Koret har lenge hatt taket på Beatles – det er ein arv frå den førre dirigenten - og det må berre halda fram.

Maria går seg nok slett ikkje vill i musikk frå gamle dagar. Eit døme på det denne gongen var at Rosendal Songlag presenterte "Gabiellas song". Den gripande songen frå filmen som ingen vil gløyma vart eit av

høgdepunkta i konserten, sjølv om vi sakna ein solist. Og apropos høgdepunkt: Det er også grunn til å ta fram "Kørsbærträdet" som Røysterett for alle har øvt inn for stutt tid sidan.

Men det var ikkje berre song under denne konserten, det var også pianospel, fløytespel og verbale innslag. Fleire av kormedlemmene las tekstar før dei vart sunge – det gjorde opplevinga djupare.

Kristine Bjørøy Hestad spela fløyte og hadde mellom anna ei Schumann-avdeling. Frode Kaldestad boltra seg skikkeleg på pianoet, ikkje minst i Beatles-avdelinga, og også Gro Skeie hadde akkompagnement på dette instrumentet.

Det var i det heile ein variert og fin konsert og at det kom berre 67 betalande får det vonde veret ta skulda for.

Av Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle syng i Rosendal Samfunnshus. (Foto: Ola Matti Mathisen)